



NVE

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 23.04.2026

Vår ref.: 202521065-4 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for pumpe i Brattlandsdalsåa i Suldal kommune, Rogaland fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Lyse Kraft DA om vurdering av konsesjonsplikt for pumpe i nedre del av Brattlandsdalsåa. Førespurnaden blir no send på høyring med høyringsfrist 08.06.2026.

Om tiltaket

Formålet med tiltaket er å sørge for minstevassføring i anadrom strekning særleg av omsyn til gytande storaure og anadrom fisk. Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9915/v.

Førespurnaden skal handsamast etter vassressurslova § 18 og vurderast etter §§ 8 og 10 i same lov. NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassressurslova.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Dersom det er aktuelt å synfare prosjektet vil vi invitere dykk med.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9915/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn og saksnummer 202521065» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 22 95 95 95, Internett:

www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971



NVE

Norges vassdrags-
og energidirektorat

- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høringsfråsegn og saksnummer 202521065» i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **08.06.2026**.

Fråsegna eller delar av fråsegna vil bli refererte i saka. Er høringsfråsegna lang, oppmodar NVE høringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Jakob Fjellanger

Sjefingeniør

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

ROGALAND FYLKESKOMMUNE
STATSFORVALTEREN I ROGALAND
Suldal kommune
Øvre Suldal Grendautval

Kopimottakarliste:

TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Randi Holme
LYSE KRAFT DA